A stylized brown icon of a church with two crosses on its roof.

SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 2 2020



Om bladet

Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48,

5411 Stord

Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: www.kyrkja-stord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontonr: 3201.23.04578

Vipps: Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast
"SPIRA"

Design: Preg Design AS

Forsidefoto: Svein Olav Langåker

Trykk: SKAG Design og trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 2/ årgang 2

Papir: Miljøvennleg Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Dag Kjetil Læg Reid



DEN NORSKE KYRKJA

Stord og Nysæter

Éi kyrkje –mange rom!

Jesus seier: «I min fars hus... er det mange rom». I bladet denne gongen ser vi nærare på nokre av dei ulike «romma». Kyrkja er ikkje berre ein bygning, den er der vi samlast i Jesu namn.

Det fekk vi sjå i vår då kyrkjehusa vart stengde, og plutsleg var kyrkja på PCen og telefonen. I allefall vart det til at vi heldt gudstenester på nett, og nokre stader samla husstandane seg kring skjermen for å sjå og høyre ord og musikk frå si kyrkje, så vart det kyrkje heime.

Somme søker Gud når dei er ute; på fjellet, i hagen eller på sjøen. Andre igjen finn ro når dei sit i stova eller ein annan stad, og les ord for dagen

i avisa, andaktsboka eller i Bibelen. Vi har tre ulike kyrkjer i kommunen. På Huglo er det eit intimt og fint halde bedehusapell. Stord kyrkje ragar mot himlen. Nysæter kyrkje reknar vi, etter nær 30 år, framleis som ei ny kyrkje. Dette er nokre av romma våre.

«I min fars hus... er det mange rom».


Olav Oma, sokneprest

Som barn i ditt hus
har vi hver og en et sted
der vi kan søke ditt ansikt
og du gir oss av din fred.
Så møtes vi her
i din store faderfavn.
Du lar oss juble og glede oss
når vi er samlet i ditt navn.

Du har lovet å være til stede
for å dele vår sorg og vår glede.
Gi oss vilje og mot til å leve,
Herre, som barn i ditt hus.

Som barn i ditt hus
gir du rom for alt vi er.
Vi har vår styrke og svakhet.
Midt i alt er du oss nær.
Du samler oss nå
til bønn og lovsang rundt ditt bord.
Og vi skal gå med din kjærlighet
ut til alle folk på jord.

Vi ber for din kirke.
Vi ber for hverandre.
Vi ber for vår verden.
Velsign oss du, vår Gud!



Salme 564 , T 1996 Hans-Olav Mørk, 1996 Tore W. Aas

Det skal vera trygt i kyrkja!

Me legg stor vekt på smittevern og arbeider i samsvar med smittevernveilederen til Den norske kyrkja:

God avstand

Det mest effektive tiltaket er å halde minst 1 meters avstand til andre enn husstandsmedlemmer. Me nyttar derfor berre annankvar benk, og har eit makstal på deltakarar til alle arrangement.

Registrering

For eventuell smittesporing blir det ført deltakarlistar på alle arrangement. Listene blir oppbevart i 10 dagar før dei blir sletta.

Smittvernansvarleg

Kvar tilstelling har ein smittvernansvarleg som skal sjå til at smittevernet blir ivarettatt.

Sjuke personar deltek ikkje

Er ein sjuk skal ein ikkje vera til stades på arrangement i kyrkja. Ein skal vera heime sjølv med milde luftvegssymptom, og vera symptomfri i minst eitt døgn før ein kjem på samlingar.

Gode rutinar for hygiene

Ein nyttar handsprit når ein kjem. Born under skulealder skal vaske hender, bruke handsprit eller våtserviettar med ein vaksen til stades. Ein hostar eller nys i papirlommetørkle eller albukroken og vaskar hendene etterpå. Me unngår matservering frå fat eller buffet, og vil i staden servera innpakka mat og skjenka i drikke på tilstellingar med mat, f.eks i trusopplæringa.

Inviterer born og ungdom til kyrkja

Fellesskap med andre er viktig! Difor gler me oss over å kunna invitera born og ungdom til samlingar og eit variert tilbod i kyrkjene i haust.

Bråstopp i vår

Våren, med alt som skulle skje for born og ungdommar i kyrkja, fekk ein bråstopp 12.mars. Det var ei uverkeleg kjensle då korona førte til at alt blei avlyst og dei planlagde konfirmasjonane utsett. No gler me oss over å kunna invitera born og unge til kyrkja igjen og til samlingar med fellesskap for born, ungdom og foreldre.

Viktig sosial møteplass

Kyrkja er både ein sosial møteplass for småbarnsforeldre, ein plass å møte nye vener og ein plass for formidling, samtale og song om tru og bibelfortellingar. I tillegg er kyrkja ein viktig arena for frivillig engasjement for mange.



Frå Babysong til Lys Vaken

For dei minste barna og deira føresette inviterer me til babysong på dagtid både i Nysæter og Stord kyrkje. For born mellom 1 og 10 år er det samlingar med song, bibelforteljing og ulike aktivitetar både inne og utandørs. I tillegg blir 4-åringane og 6-åringane spesielt invitert til familie gudstenester i kyrkjene der dei får bok i gåve frå kyrkja. 11-åringane blir invitert til Lys Vaken arrangement seinare på hausten.

Alle er velkomne!

Me har bare anledning til å sende invitasjon i posten til dei som er døypte, men alle er like velkomne anten dei er døypte eller ikkje til trusopplæringa i kyrkjene.

Konfirmantar

September var ein festmånad med heile konfirmasjonsgudstenester i Stord, Nysæter og på Huglo før dei nye konfirmantane startar opp sine samlingar i starten av oktober. For ungdommane er det KRIK samlingar ute kvar veke og leiarkurs vil starta opp seinare i haust.

Trygt å komma i kyrkja

I haust vil me ha ekstra fokus på at det skal opplevast trygt å komma i kyrkja og me legg difor stor vekt på fleire smitteverntiltak. Sjølv om me må tenka nytt i forhold til servering, avstand, aktivitetar og leik, så gler Elisabeth, Brynhild og Anne som jobbar i trusopplæringa i kyrkja seg.

Kyrkjelege uterom

Kor finn me kyrkjelege uterom i naturen på Stord? Finst dei i det heile? Me har studert kartet og gamle kjelder og funne spor. – Og nokre av dei er vel verd å oppleva når naturen er på sitt vakraste.

Det var Ivar Eskeland som skreiv at Gud var i godlag i skapingsstunda og at himmelen smiler over Sunnhordland, når han då ikkje græt gledetårer.

– Soleis skulle det vera gode sjansar for å finna natur som opnar for sakrale opplevingar, meiner Aarø og Rabben i boka *Namnevandring i Stord og Fitjar*. Dei viser til korleis ein berre ved å kikka på kartet kan sjå at den gongen dei fleste stadnamna våre vart til, spela kyrkja ei mykje meir omfattande rolle i folk sine liv.

– Presten og klokkaren fylgde dei både i arbeid og leik. Det ein fann i naturen, vart med ein gong samanlikna med noko ein kjende godt frå før. Soleis ser me ofte at kyrkja og Herrens tenarar har sett spor etter seg i namnearven vår (Aarø & Rabben, 2001).

Om du vil utforska nokre av desse lokale stadane med namn som viser til litt sakral historie, så kan du lesa meir om nokre fine turmål her.

«Ingen har varda den vegen du skal gå», har Olav H. Hauge skrive, men om du stundom følgjer i presten og turlaget sine løyper går det oftast bra. God tur!

Presten og Klokkaren

Når ein skal til Lundastøl og tek snarvegen over Eikjekleiv går ein rett på *Presten* og *Klokkaren*. Desse to kunne ingen passera utan å kasta småstein til dei. At *Presten* er nedlesst og *Klokkaren* meir synleg, har truleg denne forklaringa: *Presten* ligg nærast vegen, og somme har vel nøgd seg med halvgjort verk og tenkt som så at «når presten har fått sitt så får det våga seg med klokkaren». (Aarø & Rabben, 2001).

Preikestolen

Det er ikkje berre inst i Lysefjorden at Preikestolen er markert i terrenget. Fleire stader på Stord ber også dette namnet. Ein markert fjellnabbe i Littlevågen, ikkje langt frå Grindavikjo heiter *Preikestolen*, og nedunder denne ligg ein liten åker som ber det sjeldne og morosame namnet *Preikestolsverset*. Også på Ådland finn me *Preikestolen*. Godt løynd bakom hatl og blømande raun er han ein ærverdig løyndom på Ådland. Attom stolen er *Klokkareholo*, ei opning i berget som truleg har fått namn etter naboskapen med prestestolen (Aarø & Rabben, 2001). Har du kjenningar med adresse Storehaugen, bør det vera råd å finna løyndomen. I tillegg til desse finn me også Preikestolen i Høgåsen i Sagvåg, ved Gjerdet på Litlabø, på Røssbø på Huglo (sørom kyrkjegarden) og på Kvarvaneset på Huglo. Nettadressa ordanamn.uib.no er eit godt tips om du vil leita fram den nøyaktige plasseringa til desse.

Paters Kvile

I grensa mellom Grov og Fuglavikjo, rett nedanom Førlandskrysset, finn me *Paters Kvile*, som er ein steinbenk. *Pater* er rett nok prestevigsla trusmedlemmer i den katolske kyrkja, men opphavet til benken er kvilesteinen som seminaristane [lærarstudentane] laga til sin rektor Lilloe, som dei truleg hadde eit faderleg forhold til.

Prestavegen

På Stord kan ein gå *Prestavegen* på Rommetveit. Det var strekninga frå prestagarden på Tyse (ved golfbanen) til *Prestabryggjo* ved seminarnausta på Brevikeneset.

Å gå i presten sine fotspor

I gamle dagar (og fram til slutten av 1800-talet) omfatta Stord prestegjeld både Valestrand og Fitjar. Presten, som budde i Frugarden fram til 1648 og deretter på Tyse, hadde dermed eit stykke å gå til kyrkja. Stundom blei presten rodd til Fitjar. Ein gong gjekk det nesten gale, for presteskyssen rak opp på eit skjer rett nord for Brakavikjo ved Hageberg. Namnet *Prestaskjeret* gav seg såleis sjølv (Aarø & Rabben, 2001).

Når presten skulle gå frå Tyse reknar ein med at han helst tok vegen opp Tyseskaret, frammed Tysevatnet, Arevatnet, Kongsskogen og ned til Tveita i Fitjar (Høyland, 1978). Men den eldste prestavegen frå Frugarden, er det som i dag er *Prestastegen* og som turlaget (Ut.no) fint har merka via *Prestavarden*.

Denne vegen gjekk i gamal tid opp Vatnadalen. Eit stykke ovanfor Setrabrekko tek vegen til venstre opp mot *Prestastegen* (namnet kjem ikkje av sti, men stige). «Det er ein smal klove i fjellet som heiter so. Komen opp på fjellet gjekk prestavegen vestover *Prestavafjellet*. Det ligg mellom Mennene og Budalsvatnet. Namnet kjem av at det var bygt opp vardar til med og merke om ein skulle råka ut for skodda eller snødriv. Rett skrive skulle vel namnet vore *Prestavardefjellet*, men uttalen er korta inn litt. Frå vestre enden av Budalsvatnet tok vegen nordover flatane og ned til Sæterbø» (Høyland, 1978).

Prestastegen, enda nede på *Presthammaren*. Her budde det ein skaffar som hadde ansvaret for presteskyssen vidare. For presten skulle fram, utan omsyn til vær og føre. Han kunne velja om han ville gå over fjellet og få skyss vidare frå Årbø, eller med hest til Danielsvikjo i Søre Stokkjen og rodd innover Dåfjorden (Aarø & Rabben, 2001).

I dag kan du følgja dei raude T-ane som viser turløypa når ein går opp Vatnadalen, over Kløvfjedlet til *Prestavarden*. Deretter kan ein velja retur via Ravatnet eller fortsetja til Fitjar langs turlaget sine ruter til Rydlandssago eller Sæterbø.

KJELDER:
Aarø, K. L., & Rabben, J. (2001). Namnevandring i Stord og Fitjar. Stord: Eige forlag.
Høyland, O. (1978). Lesarbrev i Sunnhordland, 21.4.1978.
ut.no/sted/142149 (Rydlandssago-Prestavarden t/r)
ut.no/turforslag/1113830/28-vatna-prestavarden

Fem ungdommar til dåp i Stord kyrkje – får ros av biskopen

Aldri før har så mange ungdommar blitt døypte i Den norske kyrkja. I Stord kyrkje var det fem ungdommar som blei døypte i vår.

– Eg var litt spent på å gå framfor alle folka i kyrkja og få vatn på hovudet. Det var mange auge som stirra på, seier Eli Maria Marås (14). David Matre Pedersen var òg spent før dåpen, men synest det gjekk greitt.

– Det var greitt at me var fleire som blei døypt samtidig, seier han. Presten hadde forklart på førehand alt som skulle skje under dåpen og gudstenesta.

Kjekk konfirmasjonstid

Eli Maria Marås fortel kvifor ho ville konfirmera seg:

– Eg trur på Gud, og ønskte konfirmera meg kristeleg, og då måtte eg bli døypt først.

14-åringen frå Stord synest det har vore ei kjekk konfirmasjonstid.

– Me var på konfirmasjonsfestival for ikkje så lenge sidan. Det var veldig kjekt.

Då reiste dei til Bømlo og møtte konfirmentar frå nabokommunane, spelte fotball og innebandy og hadde det sosialt ilag.

– Modige og opne ungdommar

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, er glad for at fleire av dei som ikkje er døypte som barn ønskjer å bli døypte som ungdommar.

– Det viser at det framleis er ein stor openheit blant unge for ei kristen tru, seier han til Framtida.no. Biskopen meiner unge i dag er både mo-



dige og opne for trua på ein annan måte enn ein kunne sjå tidlegare.

– Eg blir veldig glad når eg ser ungdom gå til dåpen. Det er noko av det finaste eg ser.

”

Eg blir veldig glad når eg ser ungdom gå til dåpen. Det er noko av det finaste eg ser!

Biskop i Bjørgvin,
Halvor Nordhaug



Frå venstre: sokneprest Olav Johannes Oma, Jonathan Y. Olsson, Nickolas Hamre, David Matre Pedersen, Eli Maria Marås, Noah Winther og kyrkjelydspedagog Brynhild M. Stautland.

Endeleg konfirmasjonar

Grunna covid-19 vår var det 162 konfirmantar med familiar som plutseleg ikkje fekk konfirmasjon i kyrkjene våre her på Stord i mai, og heller ikkje visste når dei fekk avslutta konfirmasjonstida. Då var det stas å endeleg kunne invitera til konfirmasjonar i september.

Me måtte gjennomføra konfirmasjonsgudstenestene med færre konfirmantar på kvar gudsteneste og færre gjester, men likevel med den høgtida og festen som det skulle vera.

Tilsaman vart det 17 gudstenester saman med konfirmantane våre, gjestene deira og mange medarbeidarar, både løna og uløna. Alle gudstenestene vart «streama» slik at

alle som ville kunne ta del sjølv.

Med bileta på denne og dei neste sidene, bladet ynskjer me alle konfirmantane til lukke med vel gjennomført konfirmasjonstid, og me håpar å møtast att i kyrkja mange gonger.

Me vil og retta ein stor takk til alle gode medarbeidarar, som på ulikt vis gjorde det mogleg å gjennomføra konfirmasjonane på ein så god måte.



HUGLO 20. SEPTEMBER



STORD 5. SEPTEMBER



STORD 5. SEPTEMBER



STORD 5. SEPTEMBER



STORD 6. SEPTEMBER





STORD 13. SEPTEMBER



STORD 13. SEPTEMBER



NYSÆTER 19. SEPTEMBER



NYSÆTER 19. SEPTEMBER



NYSÆTER 19. SEPTEMBER



NYSÆTER 20. SEPTEMBER

Kyrkjebladet SPIRA

- Eit informasjonsblad for kyrkjelydane i Huglo, Nysæter og Stord.

No sit de med det femte nummeret av kyrkjebladet i hendene. Det er eit spennande arbeid å laga eit aktuelt og interessant kyrkjeblad for Stord og Nysæter sokn. Redaksjonen arbeider kreativt og godt, og me får mange gode tilbakemeldingar på kvart einaste nummer.

Kyrkjelydane våre har eit medlemstal på over 14 000 menneske. Med ein slik medlemsmasse meiner me at kyrkjebladet er ein viktig reiskap for å kunna informera om alt det spennande arbeidet som går føre seg i og rundt kyrkjene våre.

Kyrkjebladet SPIRA gjer at me kan fortelja om

- trusopplæringa som stadig samlar mange barn til kjekke samlingar. Me kan sitera barn på at "Det er den kjekkaste dagen i mitt liv". Det gjer oss glade.
- konfirmanttida, med konfirmanfestival, dåp og festgudstenester.
- gode medarbeidarar og menneske i lokalsamfunnet.
- diakoni, nestekjærleik og byggande fellesskap
- konsertar og andre flotte og varierte arrangement i kyrkjeromma våre
- gudstenester og andre kyrkjelege handlingar
- at det i løpet av fjoråret var meir enn 20 000 menneske på gudsteneste i Huglo, Nysæter og Stord!

Og alt dette fordi me framleis fortel historia om Jesus Kristus.

Kyrkjebladet treng likevel dykkar støtte for at me skal kunna gje det ut. Om du gir 50, 250 eller anna - kvar einaste gåve blir motteken med takk. Bruk gjerne giroen under i nettbanken din og merk med: "SPIRA" i KID/ meldingsfeltet.

Eller du kan vippsa ei gåve direkte på nummeret 124 653 Stord sokn, merk med «SPIRA».

***Tusen takk**
for gåva du vil gje!*

”

”Til lukke med
nytt blad! Fint
design og fin
logo! Og, det er
ikkje nok ”pirk”
til at dei bør
nemnast. Men,
eg har lese alt!”

Tilbakemelding frå
ein SPIRA-lesar

”

”Fint design!”

Tilbakemelding frå
ein SPIRA-lesar

Du kan
gi ei g ve med

v pps

124 653
Stord sokn

Gi ei g ve med Vipps i dag,
slik at me kan halda fram med  
levera SPIRA i 2020!

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter kyrkjelydar

Utgave 3 2019

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter kyrkjelydar

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter kyrkjelydar

Utgave 1 2020

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter kyrkjelydar

Utgave 2 2020

SPIRA

Nytt fr  Stord og Nys ter kyrkjelydar

Utgave 1 2020

Kvittering

Innbetalt til konto

Bel p

Betalar sitt kontonummer

Betalingsinformasjon

Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro

Betalt av

Betalt til

SPIRA
v/ Stord sokner d og Nys ter sokner d
Hamnegata 48
5411 Stord

KID/Melding

St tteg ve til SPIRA

Kroner

 re

Til konto

3201 23 04578

Det digitale kyrkjerommet

«Avlyst». Ordet lyste mot oss frå kyrkja si nettside og facebookside 12.mars. Alle arrangement og alt som var planlagt blei brått så annleis den dagen heile Norge stengte ned. Og på kyrkjekontoret tenkte me; «Kva skal me gjera no?»

Nye muligheiter

Dei neste månadane skulle me for alvor oppdaga muligheitene som ligg i det store digitale kyrkjerommet. Me skulle få erfara både kor mange som besøkte oss og kor langt ut me nådde med ord og tonar. Me skulle få oppleve samarbeid og nye arbeidsmåtar saman med dyktige frivillige medarbeidarar og dei tilsette på kyrkjekontoret.



Ein varm takk!

Me vil spesielt takka Magne Langåker for den fantastiske jobben har gjort med å filma og redigera alle gudstenestene og mange av musikk-innslaga våre frå mars til juni. No i haust er det han som har filma og streama alle konfirmasjonsgudstenestene slik at og dei som ikkje fekk moglegheit til å vera til stades i kyrkja har kunna sjå. Me er så takknemlige for samarbeidet med Magne!

Variert innhald

Frå mars til juni publiserte me fimar med songstunder og bibelfortellingar for born og unge og korte andaktsord kvar einaste veke. Kantorane spelte inn musikk og samarbeidde både med songarar og musikarar om innslag. Me filma gudstenester som blei publisert kvar søndag. Trusopplæringa oppretta instagram-konto og kantorane la og ut musikk på you tube.

Vegen vidare

Sjølv om me no og kan samlast igjen i kyrkjene, vil me også framover publisera andaktsord og kantorane vil dela song og musikk på facebook og nettside. Konfirmasjonsgudstenestene i september blei streama og sendt direkte på kyrkja si facebookside. Utover hausten vil fleire spesielle anledningar kunne bli streama og sendt direkte.



Kyrkja i Stord og Nysæter

Følg oss på Facebook!

Vil du også få med deg innhald frå kyrkjene våre på facebook?

- opne Facebook og søk på @kyrkjaistord
- trykk på knappane LIK og FØLG øvst i profilen vår

Visste du at...

du hjelper fleire å finna kyrkja på Facebook når du:

- likar innlegga våre
- kommenterer innlegga våre
- deler innlegga våre

Alt engasjement på sida vår gjer den synleg for fleire.



Er du på Instagram?

Følg kontoen vår @trusopplaering_stord og få med deg siste nytt om det som skjer for barn og ungdom i kyrkjene våre.



Familiedag ved gruvene på Litlabø

– Dette var kjekt! seier Cecilia Berland (5) om den felles familiegudsteneste for Stord og Nysæter i parken ved Litlabø gruver.

Cecila Berland (5) og veslebror Jone (3) og søskenbarnet deira Sveinung Ljosland Hystad (3) møtte opp saman med rundt 100 andre.

Sokneprest i Nysæter Jørgen Knudsen leia gudstenesta, kantor Bjarte Aadland spelte saman med både blåsarar og Homla-bandet. Kyrkjelydspedagog Elisabeth Vatland Fauskanger heldt ei fin og engasjerande preike. Etter gudstenesta er det servering av kaffi, saft og lefser.

– Det var eit veldig kjekt konsept, og veldig fint å vera ute, seier Eivind Berland som var der med familien sin.

– Med gras under beina gjer det ikkje så mykje om ungane spring litt rundt, smiler han.

Venelaget for gruvene stilte opp med omvisning i Heishuset og Tårnet og det var fleire aktivitetar for små og store på uteområdet i parken ved gruvene.



Sigrunn Ljosland leia songen med god hjelp av Sveinung Ljosland Hystad (3) og Jone Berland (3) på gitar



Sokneprest i Nysæter Jørgen Knudsen leia familiegudstenesta og Homlebandet spelte



Cecilia Berland (5) likte seg på familiegudstenesta.

Kyrkjerommet på Huglo

I 1911 vart materialene frå eit gammalt meieri i Hatlestrand kjøpt inn og sett opp som bedehus på Huglo. Seinare vart huset vigsla til kyrkjelege handlingar, og fekk namnet Huglo Bedehuskapell. I alle år har dette vore ein viktig samlingsstad for folket på Huglo. Kari og Per Egil Sæter har vore tilsette som klokkar og kyrkjetjenar der sidan 2002. Spira tok turen over fjorden for å få vite litt meir om dette kyrkjerommet og alt som går føre seg der.

Landleg sommaridyll

Spira sin utsendte blir vist inn i ei smakfull, lys og koseleg hagestove på Sør-Huglo. Her får Kari og Per Egil Sæter naturen tett på. Utanfor dei høge vindauga som går heilt til mønet, slepper lyset fra sola godt til, og høgt oppe dukkar det brått opp to ørnar.

– Hagestova har vore god å søkja ly i, spesielt no i sommar, med denne kalde julimånaden, seier Kari. Ute plukkar fire barnebarn bringebær i hagen. Dei vil helst ha alle måltida her i hagestova.

Flytta til Huglo

Det er 36 år sidan Kari og Per Egil busette seg på Huglo. Etter lærarskule i Kristiansand og tre år som lærarar i Nord-Noreg flytte dei inn i

det gamle huset etter bestemora og bestefaren til Kari på Huglo. Gjennom åra i Nord-Noreg var dei engasjert i kyrkja, var med i bibelgruppe og dreiv med yngresarbeid. Og det vart naturleg for dei å vera med i dette arbeidet også på Huglo.

Godt oppmøte i alle år


Gjennom alle desse åra har Kari og Per Egil lagt ned mange timar i barne- og ungdomsarbeidet og for vaksne. Kari sit i styret for Indremisjonen, og Per Egil er leiar i bedehusstyret. Mykje energi har gått med, men den gode støtta fra mange andre, og det gode oppmøte i så mange år, gav krefter og inspirerte til å stå på.

– Om det til tider var strevsamt, fekk me så mykje tilbake, seier dei.

Ekstra hyggeleg er det at ungane, som no er blitt vaksne, søkjer attende til bedehuset, og er gjerne med på både festar og basarar. Søndag 16. august var det på ny barnedåp på Huglo. Det at utflytta ungdom kjem attende og vil døypa barnet sitt på Huglo, set ein ekstra stor pris på.

Bedehus og «arbeidskyrkje»

Første byggetrinn var med materialane frå meieriet på Hatlestrand i 1911. På 1930-talet ivra sokneprest Mjøs for at huglarane skulle få sitt eige kapell. Då vart det påbygg med ein kor, og huset vart vigsla til kyrkjelege handlingar. Etterkvart melde behovet seg for endå meir plass. Ikkje var det skikkeleg toalett og kjøken, og ein skulle gjerne ha tilpassa lokala og plass til fleire ak-



tivitetar. Dermed kom neste tilbygg i 1976: Peisestove, moderne kjøken, toalett og garderobe - rett og slett ei lita «arbeidskyrkje». Mykje av arbeidet vart gjort på dugnad, og mange var med.

Samlar huglarane kvar veke

I dag møter om lag 15-20 huglarar på ulike samlingar i bedehuset kvar veke; gudstenester, møte og bibelgruppe. Ofte lagar ein til kveldsmat. Då tek Kari og Per Egil som regel med med rundstykke og syltetøy. Ein søndag i månaden tek prest og organist ferja fra Jektevik til Huglo og held gudsteneste i bedehuskapellet. Som klokkar og kyrkjetenar har dei opplevd at det av og til krevst litt ekstra.

– Eit par gonger har presten gløymd brød og vin til nattverden. Då er det godt å ha nøklar til butikken og kunna improvisera med polarbrød og heimelaga saft. Og det gjekk greitt, smiler dei.

Bygdefoket sitt hus

Bedehuskapellet er eigd av bygdefolket, og Per Egil har vore formann i styret sidan 2002. Økonomien er god, ikkje minst takka vera den store basaren som heile bygda støttar opp om lørdag før palmesundag, kvart år, og fast husleige frå Fellesrådet. Kari og Per Egil mimrar om all aktiviteten på bedehuset: Alle søndagssamlingane med borna, og ikkje minst julefestane, med dramatisering av julevangeliet. Påskefrukost med «kornbrød» fylte heile huset, enda mange hadde vore på basar kvelden før. Og sommaravslutningane for store og små, var også fine samankomstar. Etter førespurnad frå ungdommar på øya, var ein med og dreiv Ungdomskveld frå 2002 til 2014. Det var song med playback, andakt og ein laga mat saman og leika. Fire foreldrepar delte på ansvaret.



Får mykje til på Huglo

Song og musikk har vore viktig på Huglo. På 70- og 80-talet var det ei songgruppe på bedehuset som kalla seg *Vårglimt*. Seinare dukka det opp ei vaksengruppe som heitte *Emmaus*, fordi bedehuset heiter *Emmaus*. Men mest «berømt» er vel korpset, vil Per Egil ha fram. I 1984 «arva» han ein tuba og byrja å spela i korpset. Då hadde korpset vore i sving i 10 år. Sidan oppstarten har korpset vore fast bidragsytar i 17-maitoget, julekonsert, spela på kaien på sommar dagar, reist på mange festivalar og delteke på fleire konkurransar. Korpset vann til og med 1. pris for generasjonskorps i Hordablæsten våren 2019. Knappt noko bygd med under 100 innbyggjarar kan skryta av å ha eige korps. Dette vitnar om at på Huglo får dei mykje til. Inne på Leirvik kommenterte ein lærar at «alle frå Huglo kan

jo notar!» Dette er vel bortimot sanning, då musikk var ein fast del av skuledagen for alle borna på Huglo og mest alle var med i korpset.

Stor lokal dugnadsvilje

Ein skulle tru at ordet *dugnad* stamma fra Huglo slik Kari og Per Egil stadig gjentek at alle her er med å tek eit tak for fellesskapet. Ikkje minst kjem dette til syne etter festar og samlingar.

– Svisj, seier Kari og viftar med armene, så er alt rydda. For dei snur seg ikkje og fer heim, seier ho. Alle er med og tek eit tak.

I sommar har ein ordna nytt tak på bedehuset. Arbeidet er gjort med lokale snekkarar og ein god del dugnad. Som alle andre plassar har det vore stille nokre månader. Men no i haust har dei starta opp igjen, med koronatilpassa samlingar. Huset er godt halde og har godt av å bli brukt. Så: Velkommen!

Salmejazz i Nysæter

Det verka som den gode flokken frammøtte sette pris på det dei fekk vera med på, då kyrkjekoret Sanctus saman med trio hadde salmekveld i Nysæter kyrkje 6. september.

Trioen var sett saman av Øystein Heide Aadland på piano, Mathias Steffensen på bass og Håvard Kværne-Hansen på slagverk.

Salmane som vart presenterte var nok delvis ukjende, medan andre var velkjende. Slik fekk ein læra nytt stoff frå salmeboka, men ein fekk og syngja med på kjent stoff.

Trioen gav vakkert tonefølgje til salmane, og dei fekk også spela nokre svingande jazzinstrumentalnummer.

– Dette må me ha meir av! var tilbakemeldingar rett etter salmekvelden!



Denne Jazz-trioen fekk det til å svinga i Nysæter kyrkje. Frå venstre: Håvard Kværne-Hansen, Øystein Heide Aadland og Mathias Steffensen



Kyrkjekoret Sanctus og jazztrioen framførte eit variert salmeprogram med både kjende og meir ukjende salmar.

Nytt om tilsette

Reidar Ådnanes fungerer som kyrkjevevjerje på Stord ut året. Han er vikar for Liv Kari Bru, som i same perioden arbeider med gravferdsforvaltning og gravplassar i litt redusert stilling.

Åse Selsvold har begynt som prestevikar i Kvinnherad, og er slutta som sekretær og trusopplærar. Anne Brandvik Nilsen er tilsett som ny trusopplærar.

Lisbeth Nygård har begynt som sjukepleiar på sjukehuset, og er slutta hos oss, medan Olaus Irene Arnesen Gloppen no er tilsett som diakon. Ho vil bli innsett til teneste i gudstjenesta 13. desember i Stord kyrkje.

Olav Johannes Oma har vore tilsett i eit vikariat som sokneprest i Stord. Han er no fast tilsett.

Runar Tegle Karlsen og Sigrid Theodorsen Langøy er tilsette som kyrkjetenarar i Nysæter kyrkje.

Vi er takksame for teneste og samarbeid med både gamle og nye medarbeidarar, og ynskjer Guds signing over tenesta der dei er.

Rom hos Gud

Ein av dei bibeltekstane som ofte blir lese under gravferd er frå Johannes-evangeliet om huset med dei mange rom.

Eg er glad i den teksten og eg veit at og mange andre set pris på den. «Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset åt min far er det mange rom.»

Fantastisk fine og gode ord, og gode å lesa i gravferd. Han som sa dei var ingen kven som helst. Orda kan skape håp og trøyst og alle kan ta dei til seg.

Det finst håp når me skal ta avskjed, og det finst håp når me sjølv er redde for dødens ukjente mørke. Hos Gud skaparen vår er det god plass. Han har hjarte for kvar einaste av oss.

EGIL LARSEN



Min salme

Det finst veldig mange fine samlar. Men om eg må velja ein, trur eg eg må seia julesalmen «Det hev ei rose sprunge». Dels fordi den er uvanleg fin i seg sjølv. Men mest fordi den minner meg om barndommens jul og om mormor og morfar. Meir enn noko anna framkallar denne songen kjensler, stemningar og minne frå denne tida då ein kanskje er som lukkelegast utan at ein tenkjer over det sjølv. Den finaste versjonen eg har høyrte, er den Aurora gjorde for nokre år sidan.

GAUTE EPLAND, ORDFØRAR



” Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Isais rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.

Om denne rosa eine
er sagt Jesajas ord.*
Maria møy, den reine,
bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunnsamt
det store under gjorde
som var i spådom sagt.

Guds rose ljuvleg angar
og skin i jordlvs natt.
Når hennar ljøs oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar,
og natti vart til dag.

* Jes 7,14

FRÅ NORSK SALMEBOK NR. 33
T Tysk 1587, v. 3: Friedrich Layritz 1844
O 1919, 1921 Peter Hognestad
M 1400-t / Köln 1599 / Hja Michael Praetorius 1609

Tusen takk til støttespelarane våre!

Me er svært takksame for alle dei gode støttespelarane i næringslivet som med ei annonse her gjer det mogeleg for Stord og Nysæter kyrkjelydar å gje ut kyrkjebladet.

STOMAS
elfag ELEKTRO

www.stomas.no

Tlf 53 40 23 40

Nr. 1 i Sunnhordland
100 ÅR
1918 ⚡ 2018

**STORD
BEGRAVELSESBYRÅ**

VB Rør & Handverk Service AS

H Hageland

Bohus
STORD

MYHRE MASKIN

Oma Baatbyggeri a.s

**BLINK
HUS**

Valvatne

Ringvegen 12 5412 Stord Tlf. 53 40 20 70
Sveiogata 66 5550 Sveio Tlf. 98 28 99 39

1900-2020
FAGFOLK I 120 ÅR

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING



 **KIRKENS
SOS**

Papir og miljøval



Me er glad for å kunne fortelja at SPIRA vert trykt på miljøvennleg PaperWise papir.

PaperWise er laga av jordbruksavfall, nærare bestemt stilkar og blad som er att etter innhausting av matvekstar.

I staden for å bruke primære ressursar til produksjonen av dette papiret, som tre og skog, nyttar ein altså sekundære ressursar, som vanlegvis ville ha vore avfall.

Det gjev PaperWise eit 47% lågare CO₂-avtrykk enn anna miljøvennleg papir produsert på råmateriale av tre.

Me treng fleire på spleiselaget!

For å kunne gje ut SPIRA treng me fleire på spleiselaget. Ynskjer du annonse i bladet?

Gje redaksjonen ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.no, så kan me snakkast og bli samde om ein avtale som høver for di bedrift!

Annonseplass
for di
bedrift?

Annonseplass
for di
bedrift?

Døypte sidan sist

Døypte i Stord kyrkje

15.03	Adrian Mjånes Dahle Hermod Romfog Johansen
05.04	Ida Lovise Ottesen Levi Lundsvoll
10.05	Selma Lie Stokken
24.05	Alicia Stakseng Helland Sigrid Lunde Buchvold Julia Økland Vågen
31.05	Olav Ljosland Hystad Ingrid Kristine Gullberg Plaine Elvin Bjørseth Asphaug
07.06	Hogne Hansen Epland August Rommetveit Epland Syver Rommetveit Epland Andrea Heggøy Strandenes
14.06	Olivia Isaksen Vilma Nikolaisen Løken Maja Aasheim Olve Aune Hellesund
28.06	Phillip Fjelland Sofia Nygård Salomonsen Magnus Berland
05.07	Oskar Standal Oliver Matheo Veland
19.07	Adrian Sæle Haslum Sigurd Nilsen Mjønnes Ludvik Nilsen Mjønnes Nora Nes Helland
02.08	Teo Bergsvåg Nelly Olsen Sæbø Vette Almås Overweg Saga Engesund Norell Ole Elias Dregelid Hauge
16.08	Amalie Bakkane Gravdal Louie Egiil Strand Sivertsen Live Jæger Grasdøl Hedda Jæger Grasdøl Maia Lausen Breidvik
30.08	Mio Hernandez Matre Sivert Gundersen Solheim Jørgen Isaksen Østerhus Hedda Lekven Stensletten Sondre Salomonsen Leivestad Matheo Jensen-Vallestad

Døypte i Huglo Bedehusapell

16.08	Ellinor Lie Bruntveit
-------	-----------------------

Døypte i Nysæter kyrkje

14.06	Tobias Giske Hindenes Ingrid Kjekka-Rykkje
21.06	Oscar Pejčić Sæbø
12.07	Mathea Boneva Gandrud
26.07	Othelie Lavik Even Grastveit Onarheim
09.08	Amalie Dale Breivik Ella Arneberget Andahl
23.08	Sander Traa
06.09	Per Isak Sagvaag Lunde

”

Eg vart kristen der i dåpen.
Det står skrive i Guds ord
at eg har ein Far i himlen,
og at Jesus er min bror.

585 I SALMEBOKA



Stolt bestefar til dåpsbarn Olav Ljosland Hystad

Velkommen til dåp!

I vår då alt vart stengt, også kyrkjene, var det mange dåp som vart utsette. Sidan, då vi opna att, har det vore ei prioritering for heile kyrkja å gjera det slik at alle som vil ha dåp skal få det.

På grunn av plassrestriksjonar har vi stort sett hatt to gudstenester kvar søndag sidan juni.

Frå oktober vil det normalt vera hovudgudsteneste klokka 11.00, og dåpsgudsteneste klokka 13.00.

Dette gjer vi for å kunne gjennomføra gudsteneste og dåp på ein trygg og god måte for alle som kjem, og samtidig møta krava til reinhald og avstand.

Om de ynskjer dåp i Nysæter, Stord eller på Huglo, så tek de kontakt med kyrkjekontoret

- på epost: post@kyrkja-stord.no eller
- på telefon 53403430

Då kan vi avtala dåpsdag, og før dåpen blir de bedne på dåpsmøte i kyrkja der vi snakkar saman om gudstenesta og dåpen.

Velkommen!